Av Helge Øvstetun

THE BEATLES i Årdal?

BEATLES-PROSJEKTET 1992 – 1996

Yeah, Yeah, Yeah

Faksimile frå Sogn Dagblad av tysdag 16. juni 1992. Framme frå venstre: Ingar Klubben, Odd Tore Moen og Erik Christensen. Bak frå venstre: Jan Roger Øren, Elisabeth Stewart Søvik og Marianne Pedersen. Foto : Arkiv Sogn Dagblad

Før premieren: *«Ke va re me innbilte oss, å so ta 70 krone før billetadn!» «Det e no vel f… ikkje nåkken so vil høyra på detta, pao aingesk…»*

Forløparen til dette prosjektet var prosjektet «Til sæters med Sala» på slutten av 1980-talet, i samarbeid med Det Norske Teateret og Rikskonsertane. Her deltok profesjonelle musikarar som Frode Thingnes, Per Huseby, Iselin Alme og Kjell Helleland. Musikalen var komen til Årdal. Stykket vart ein stor suksess med to stappfulle hus og rosande omtale. Ei spire til fleire samarbeidsprosjekt mellom kor og korps i Årdal var sådd.

Initiativet til «The BEATLES frå Årdal?» kom frå Jan Roger Øren, sjølv mangeårig korpsmedlem før han tok til på Toneheim, vidare til musikkonservatoriet og seinare musikksjef for Norges Musikkorps Forbund. Han kom over notar med musikk av The Beatles laga for eit lite ensemble av komponist Stein Ivar Mortensen. Konseptet vart innkjøpt for kroner 6.000,-, og dermed var eventyret i gang.

Oppstarten for prosjektet var i januar 1992, kor og korps vart inviterte og det vart oppretta grupper som skulle styra med lys, lyd og rigging av utstyr. Kun to var profesjonelle; dirigent Jan Roger Øren og pianist Bert Brons.

Samtidig vart eit prosjektstyre etabelert, og i dette var: Jan Erik Øyre, leiar, Palmar Høyum og Wenche Eldegard, økonomisk ansvarlege og Bjarne Øren som ansvarleg for innøving, koreografi, scene og lys. Seinare vart dette endra til ei styringsgruppe samansett av leiararane frå dei einskilde laga, i tillegg til andre personar med ansvar for spesielle oppgåver. Jan Erik Øyre fortsatte som prosjektleiar; Wenche Hals Kulset, sekretær; Wenche Eldegard, økonomiansvarleg; Jan Roger Øren, musikalsk ansvarleg og dirigent; Bjarne Øren, produsent; Palmar Høyum, kasserar; Tore Ødegård, scene/transport og Ingar Klubben/Solrun Steinegger, Erik Christensen, Kåre Almklow og Aud Marit Breingsnes/Sigmund Sandvoll.

Prosjektet var eit samarbeid mellom laga Øvre Årdal Janitsjarkorps, Farnes Mannskor, Øvre Årdal Songlag, Årdalstangen Songlag og Farnes Skulemusikk. Samarbeidet inkluderte og utøvarar frå pop-musikkmiljøet i Årdal. Framsyninga vara i drygt ein og ein halv time med 22 slagarar frå heile Beatles sin diskografi; frå Sgt. Peppers'Medley via All You Need Is Love og When I'm 64 til Can,t Buy Me Love og All My Loving.

Omkring 200 amatørar i alderen 10-84 deltok i framsyningane. Før premieren la kvar utøvar ned omkring 200 øvingstimar og det var øvingssamlingar framfor kvar konsert. Nye utøvarar kom til undervegs. Solistane Erik Christensen, Ingar Klubben, Odd Tore Moen, Marianne Pedersen, Elisabeth Steward Søvik og Bent Vadset sto alle for framifrå musikalske prestasjonar. Dei som losa framsyningane trygt gjennom med ord og informasjon var Øyvind Lægreid og Viktoria Øvstetun. På siste to framsyningane var Steinar Drægni konfransier istadenfor Øyvind Lægreid.

Innøvinga var ein lang og tung prosess, spesielt for kora. Korsatsane var lite melodiske og meir som akkordar i blokker som «backing» for solistane. Det vart etablert eit mini-kor for å yta det vetle ekstra som skulle til. Bjarne Øren laga og eit eige lite hefte med nærmast ei form for lydskrift. Bjarne Øren hadde lyst til å kalla prosjektet «The long and winding road».

På utstyrsida måtte mykje leggast til rette. Oppsettet kravde 20 mikrofonar, 30 lyskastarar, stort PA-anlegg og ein digital styrep-


HEY JUDE:

13: A___ a____ a___ better
18: A___ a____ a____ a____ pause
23: A___ a____ a____ a__ pause til 34.
34: A____a_____a___better
39: A____a_____a____ a____ pause
44: A____a_____a_____a__.na-na-na
na na na na na na na_____ pause til 60
60: Na na na na na na na-
na na na na __ Hey jude
syng dette 2 gonger til)

THE BEATLES

BB.92

Lydsanghefte laga av Bjarne Øren. Foto: Helge Øvstetun

ult. Til å byrja med var det North West Audio ved Ove Hovland frå Vadheim som tok seg av lydbiletet, lyssettinga tok Bjarne Øren seg av.

Før premieren var det mange som tok til å lura kva dei hadde gjeve seg ut på; billettsalget var labert og stemninga og haldningane til deltakarane var delvis lunkne. Var kombinasjonen kor, korps og Beatles feil…?

Alt endra seg etter den fyrste konserten. Stormande jubel, trampeklapp og ekstranummer! Før andre og tredje konsert var det lang kø framfor billettluka i samfunnshuset.

Dirigent Jan Roger Øren hugsar godt dei store, fantastiske prosjekta i Årdal, den storstilte mønstringa av bortimot heile det lokale kulturlivet. Han kjente seg audmjuk og stolt i møtet med dei lokale kulturaktørane som var klare for felles løft, klare for mål dei hadde jobba lenge mot, klare for å ta fram det beste i seg sjølve – kvar for ein og saman. Denne enorme krafta som ligg i fellesskapet, det å løfta kvarandre fram og gjera kvarandre gode.

Per Otto Vestheim minnast at Farnes Mannskor fekk invitasjon til å delta i eit musikkprosjekt saman med alle kor og korps i bygda. Musikken frå The Beatles passa for alle, uansett alder eller språkkunnskap. Mannskoret brukte ikkje lang tid på å bestemma seg for å delta. Prosjektet kom ikkje i konflikt med øvrege kor-aktivitetar som årleg sangarstemne, 17. mai eller julekonsert. Ettersom premieredagen nærma seg opplevde nok mange i bygda at kormedlemmene oppførte seg merkeleg der dei gjekk i gatene og nynna på Beatles-melodiar. På premieredagen var spenninga til «å ta og føla på!»

Beatlesprosjektet hadde i 1992 premieren og to andre framsyningar i samfunnshuset, Øvre Årdal, i tida 13.-14.juni, ei framsyning i samfunnshuset Øvre Årdal den 27. august, to framsyningar i kulturhuset i Sogndal den 29. august og to framsyningar i Det Norske teateret, Oslo, den 31. oktober.

Solistar, kor, minikor og korps, konserten i St. Swithun kyrkje den 23. juni 1996. Foto: Arkiv Øvre Årdal Janitsjarkorps

Premierekonserten i samfunnshuset i Øvre Årdal. Dirigent Jan Roger Øren hugsar enno den sitrande spenninga, forventningane, korleis ville årdølene ta dette? Svaret var fullt hus, ståande trampeklapp og ekstranummer - stor suksess! Betre «betaling» for tallause timar med øving og terping på detaljar kunne vel neppe tenkast.

Etter framsyninga i Sogndal skreiv journalist Jan Inge Fardal at prosjektet «TOK SOGNDAL MED STORM», og særleg var han imponert av solist Marianne Pedersen. Men han lot seg også imponera av Jan Roger Øren og hans musikalske leiing og - makan til speleglede skulle du leita lenge etter. So mange ekstranummer vart det på denne konserten at dirigent Øren måtte minnast på at ferga gjekk før klokka ni… Fleire av tilhøyrarane opplyste at undervgs trilla tårene – av glede. Med andre ord - stor suksess også i Sogndal.

Etter premieren med tre fulle hus i Årdal ymta kultursjef Steinar Lægreid frampå at dette burde vore sett opp på Det Norske Teateret i Oslo. Det gjekk ikkje mange dagar før avtale var signert med Det Norske Teateret. Her vart det smidd medan jarnet var varmt! Det vart naturleg nok ein diskusjon om korvidt det i det heile var mogeleg å få dette til, men med god tru og pågangsmot er det utruleg kva ein klarar å få til. Eit ganske heftig budsjett skapte litt uro, men dåverande Hydro Årdal sitt bidrag, saman med støtte frå næringsliv og Årdal kommune, vippa vektskåla rett veg. I tillegg til leige av Det Norske Teateret var det kostnadar til overnatting for 200 personar og fem bussar tur/retur Oslo.

Konsertane var delvis eit tilbod til Hydro-tilsette, men det var og stor pågang frå mange Oslo-sogningar.

Før konsertane vart det etablert kontakt med «Årdalsklubben» i Oslo, som skulle medverka til å skapa blest om komande storhending. NRK var med på lasset til Oslo, og Jan Erik Øyre og Bjarne Øren vart inviterte til ni-timen på Marienlyst for å fortelja om prosjektet. Ikkje måte på merksemd!

Kontrakten med Den Norske Teateret kosta prosjektet 60.000,- kroner i husleige for to konsertar. Formannskapet i Årdal løyve 25.000,- og kulturstyret i Årdal kr. 30.000,-. Årdal prosjektutvikling stilte garanti på 10.000,- for eventuelt underskot.

I tillegg til konsertane stilte Årdal kommune med fotoutstilling frå naturen kring Årdal og Ofredalsprosjektet ved fotograf Jan Schwarzott.

Dei to konsertane samla 1200 tilhøyrar, og attendemeldingane var gode. Avisa Dagbladet skreiv

På bussen til mannskoret heim frå konsertane i Oslo: *«Sjuffør ! – gir ned i andre gir so e faor slao i ein dram.*

på leiarplass at «Årdølene synte det norske folk at dei kan meir enn å koka alumminium. Dette var kultur av høg klasse. Ei sprudlande framsyning. Velkommen tilbake». Ikkje måte på skryt frå Oslo-pressa.

Sogn Avis fulgte opp med å slå fast at det ikkje var alle som fekk oppleva ståande ovasjon på hovudscena på eit av dei best kjente teaterscenene i landet. At Dagsrevyen synte glimt frå framsyninga vart eit klart prov på at årdølene greidde det dei ville med denne satsinga – å markera Årdal og syna fram kva som fanst av ressursar innan song og musikk i kommunen. Dei seks solistane imponerte det talrike publikummet. Årdal hadde markert seg som ein «kulturkommune» med prosjektet som framifrå ambassadør. Årdal hadde totalt sett bidrege med noko det stor stor respekt av.

Bjarne Øren: *Baksetet i bussen på kor- og korpsturar i over 40 år har lært meg mykje om livet.*

Året 1993

1993 tok til med ei framsyning i Tangenhallen ved songarstemnet på Årdalstangen den 22. mai; deretter ei framsyning i samfunnshuset, Øvre Årdal, den 8. juni; ei framsyning i Paviljongen, Øvre Årdal, ved Sommaridretsleikane for psykisk utviklingshemma, 16. juni, før året vart avslutta med to framsyningar i Grieghallen, Bergen, den 1. og 3. oktober.

Til stade ved konserten i Årdal den 16. juni var Gustav Lorentzen, kanskje betre kjent som halvparten av duoen Knutsen og Ludvigsen. At han likte det han såg og høyrde er utan tvil. Prosjektmodellen brukte han til sitt eige oppsett «På tur med Gustav»

Før konsertane i Grieghallen vart repertoaret utvida med melodiane «All My Loving» og «Can't Buy My Love».

Nemte Lorentzen var og til stade på ein av konsertane i Grieghallen. Attesten frå han var «Glimrende jobb folkens!» Sogn Dagblad fulgte opp med «Tok Bergen med storm» og «Kjempesuksess».

Gustav Lorentzen
Nedrelia 7 G
5040 Paradis

Paradis, 28/6-1993.

Jan Erik Øyre
Sitlevegen 34
5870 Øvre Årdal

Hei, og tusen takk for sist.

Jeg skriver for igjen å fortelle hvor bra jeg syntes konserten deres var.
I mitt neste liv vil jeg bli med i skolemusikken i Øvre Årdal. For en inspirasjon det må være for disse musikantene å være med på dette prosjektet!
Arrangementene klang usedvanlig flott, solistene hadde personlig stil, og utvalget av sanger ga konserten bredde og dynamikk.
Men finest av alt er at sang- og musikkrefter fra et helt lokalsamfunn kan gå sammen om å skape noe slikt. Jeg håper dere kan komme mere ut, for å spre inspirasjon til andre korps og kor i hele landet.

Du kan gjerne sitere meg på dette.

Vennlig hilsen

Gustav Lorentzen

Takkebrev frå Gustav Lorentzen etter konserten i Øvre Årdal den 16.6.93.
Foto: Helge Øvstetun

Bergens Tidende, og Grieghallen, jubla for Sogne-Beatles. Jubelen ville ingen ende ta då prosjektet avslutta med Bergen sin «nasjonalsang» - Nystemten. Skikkeleg Bergensflørt!

To blad Øren hadde tenkt at framføring i Grieghallen si storstove skulle vera prosjektet sitt høgdepunkt og finale, men slik vart det ikkje.

Året 1994

I 1994 vart det halde ei framsyning i samfunnshuset, Øvre Årdal, den 22. oktober, og to framsyningar i Førdehuset, Førde, den 29.oktober. Rett og slett imponerande frå start til slutt!

Under konsertane i Førde vart det gjort opptak med lyd og bilete. Trass god stemning i salen var oppmøtet på konsertane ganske labert, og enda med underskot på nesten 20.000,- Turen til Førde fann stad like etter opninga av Fjærlandsvegen.

På reisene hadde prosejektet med ein eigen lastebil stappfull av utstyr. Det kravde at seks-sju personar frå kora, pluss Bjarne Øren, Jan Erik Øyre og son og lydansvarleg Trond Øyre reiste dagen før for å klargjera alt til det store «bølet» skulle entra scena. Her låg det mange timar med sjauing. Lydmann Trond Øyre sat forøvreg godt plassert i kornettrekka til Øvre Årdal Janitsjarkorps på premierekonserten den 13. juni 1992. Det var før han for konfirmantpengane kjøpe seg åtte mikrofonar, og sidan etabelerte firmaet Øyre Lyd. Han tok etterkvart over som fast lydmann både på øvinger og konsertar, eit stort ansvar han løyste på ein glimrande måte.

I 1994 var det i september / oktober planar om eit filmprosjekt, Imagine Årdal, der prosjektet og bygda Årdal skulle portretterast. Tanken og utspelet kom frå Sygna AS i Sogndal ved Johnny Flaten. Budskjettoverslaget på ca. 180.000,- gjorde sitt til at dette fekk tommelen ned.

Året 1995

Prosjektet hadde ei oppføring den 16. september til ære for Quality

Frå oppsetjing i samfunnshuset, Øvre Årdal, truleg 1994.
Foto: Arkiv Årdal &Lærdal Avis

Kompet. Frå venstre Bert Brons, Terje Svori, Steinar Årebru (delvis skjult), Odd Sigmund Høl, Frank Runar Øren og Ole Magnar Nundal.
Frå konserten i St. Swithun kyrkje den 26. juni 1996.
Foto : Arkiv Øvre Årdal Janitsjarkorps

Games. Ei internasjonal handballturnering for kvinnelege klubblag i Årdal og Lærdal. Stor stemning i salen med allsang og dans!

Året 1996

Etter suksessane i Oslo og Bergen var det ikkje reise-stopp for prosjektet. Hovudrystande kunne årdølene lesa at turen no gjekk til England, Beatles sitt heimland. Det fekk då vera måte på! Men, eldskjeler er vanskelege å stoppa, for tur vart det. Per Otto Vestheim hugsar at det alltid var kamp om plassane bakerst i bussen, og til Gøteborg var det langt! Men det gjekk det og; verdsproblem vart løyste til følge av spekemat, flatbrød og øl.

Målet for turen var Music Makers Festival i Bournemouth og deretter Loverpool, Beatles sin heimby. Sjølve turen gjekk prikkfritt, alt var «tima og tilrettelagt». Det vil sei, ikkje for friskus og andrebass i mannskoret Ølve Øren. I tax-free'en på ferga frå Gøteborg til Harwich fekk han beskjed at han kun kunne kjøpa snop og parfyme; «Ko søren», svara Øren, «skal eg ikkje få handla det eg vil, eg som fyller seksti på tysdag!» Ølve Øren hadde fått barnebillett…

Over 1100 tilhøyrarar gav prosjektet ståande applaus på to konsertar i Bournemouth. Den fyrste den 23. juni i Winter Gardens Theatre med 900 tilhøyrarar og den andre den 26. juni i St. Swithun steinkyrkje med 200 tilhøyrarar. Lydsjekken i Winter Gardens ein time førkonserten var katastrofal. Mykje takka vere Trond Øyre vart sanganlegget justert opp til akseptabelt nivå, og prosjektet gjennomførte konserten strålande. Solist Marianne Pedersen vart forøvreg henta frå den greske øya Samos, der ho på den tida arbeidde som turistguide.

Sistnemte konsert hadde oppstart ein halv time ut i skjebnekampen mellom England og Tyskland i det pågåande europameistarskapet i fotball, derav kanskje det lave tal tilhøyrarar.

Frå hotella Pavilion og Westleigh i Bournemouth gjekk englandsturen vidare til tre overnattingar i Adelphi Hotel i Liverpool.

Prosjektet fekk ikkje framføra konsert i Liverpool, men fekk oppleva puben der Beatles holdt sin fyrste konsert, Beatles-museet og bokstavleg tala gå i Beatles sine fotspor. På puben Penny Lane holdt solist Erik Christensen intimkonsert med – ja nettopp Penny Lane – til stor jubel frå gjestene.

I Liverpool ville ein av kormedlemmene ta seg ein tur på gamle trakter. Men mykje hadde endra seg i Liverpool på 60-70 år… og ein leiteaksjon vart iverksett. Men karen kom til rette i ein svart politibil, blid og fornøgd.

Ein frå det same koret hadde kome i skade for å sola seg i bar overkropp, og hadde ikkje tenkt på den firkanta pengeveska i snor rundt halsen. Her vart det nedlagt øyeblikkeleg fotoforbod.

Prosjektet var vel attende i Årdal den 30.6 - 1.7.; alle dei om lag 130 deltakarane med mange opplevingar og minner rikare.

Siste Beatles-framsyninga skjedde til ære for då pågåande Quality Games i Årdal, den 13. september 1996. Denne vert hugsa fordi kapteinane på Larvik Håndballklubb, Lina Olsson, og på Stade Francais, Alexandrine Brunnet, vart henta opp på scena for å synga med på avslutningsnummeret «Hey Jude»

Beatlesprosjektet samla om lag 15.000 tilskodarar gjennom 25 framsyningar, konsertar og generalprøvar, og omsatte for om lag tre millionar kroner. Omlag 220 personar var innom prosjektet. Premieredagen var den eldste, Ingvald Eldegard, 82 år, og den yngste Lene Sandvoll, 11 år.

Eg tek ikkje for hardt i når eg påstår at dette prosjektet gav eit løft til heile kor- og korpsmiljøet i Årdal. Det vart lagt merke til og vakte stor interesse utover heile landet, og fekk omtale både i aviser, NRK og TV2.

Bjarne Øren: *«Til deg Jan Erik Øyre: Utan deg og ditt overskot til alt, hadde prosjektet falt»* Sitat premiereprogram.



Dirigent og musikalsk ansvarleg Jan Roger Øren. Foto: Arkiv Årdal & Lærdal Avis.

Frå oppsetjinga i Sogndal, den 29. august 1992. Foto: arkiv Øvre Årdal Janitsjarkorps.

Prosjektet fekk Årdal kommune sin kulturpris for året 1992. Det var neppe nokon som vart overraska då leiaren i kulturutvalet, Arve Nordheim, kunngjorde at samarbeidsprosjektet var vinnaren av kulturprisen. «Ein verdig vinnar» sa dåverande kultursjef Steinar Lægreid. Han la til at prisen var retningsgjevande for det arbeidet lagslivet burde stå for, og at samarbeid ikkje burde tenkast kun internt i bygdene, men og bygdene imellom. Årdal hadde på denne tida ikkje veg inn til eige fylke. Samarbeid var nøkkelen til at folk stilte opp, tok eit tak og fekk dugnadsånda fram. Gode og framtidsretta tankar frå kultursjef Lægreid.

Bjarne Øren og Jan Erik Øyre, primus motorar og bærebjelkar Foto: arkiv Øvre Årdal Janitsjarkorps.

Saman med påfølgande musikkprosjekt, «Frå Chaplin til Elton John», mottok Beatles-prosjektet Fylkeskulturprisen for Sogn og Fjordane i 1999.

Eg vil påstå at utan Jan Erik Øyre og Bjarne Øren sin innsats hadde Beatles-prosjektet, og andre store musikkprosjekt, ikkje vorte noko av. Bakgrunnen for dette ligg i Øyre sin rolle som leiar i Øvre Årdal Janitsjarkorps, leiar for alle musikkprosjekta, sponsoransvarleg og Øren si rolle si rolle som dirigent for Farnes Mannskor, Øvre Årdal Songlag og Øvre Årdal Janitsjarkorps. Sjølv om det var mange diskusjonar undervegs, vart sluttresultatet i hovudsak oftast i trå med ynskja og viljen til dei to. Reisa gjennom tolv år med musikkprosjekt sette verkeleg Årdal på kartet, og som alle involverte kan sjå attende på med stoltheit.

Jan Erik Øyre vil nytta høvet til å takka alle som var med på å gjera denne «reisa» mogeleg gjennom så mange år. Mykje arbeid vart lagt ned og prosjektet forvalta millionar på denne vegen. Øyre vil på vegne av seg sjølv og Bjarne Øren, som no er gått bort, sei tusen takk for at dei fekk lov å gå foran og rydda veg. Mange opplevingar og historiar kunne ha vorte skrivne om dette. Dei vart ikkje rike i kroner og ører, men du verden kor rike dei vart på opplevingar.

Musikkprosjekta var noko av det siste Jan Roger Øren snakka om med far Bjarne før han gjekk vekk den 21.12.22. Bjarne var stolt og kry over at dei lukkast med å få til dette saman, so mange fantastiske konsertar.

- Ein lokal musikar var innom på ei fellesøving før premiæren. På spørsmål om kva han tykte om dette, sa han «Dissimilis!» - og gjekk.

Så stor takk kjære far, kjære Jan Erik og kjære Årdal! Eg gløymer aldri dette, og ikkje minst: det er ikkje mogeleg å få til noko liknande andre stadar enn i heimbygda mi Årdal! Med eit slikt volum, ein slik entusiasme, med ein slik suksess over så lang tid og med eit slik løft for eit heilt lokalt kulturliv inn i historien!

Med desse avsluttande orda frå Jan Roger Øren, tillet eg meg å minnast dei frå prosjektet som er gått vekk med dette sitatet frå Beatlesmedlem George Harrison: «Still, my guitar gently weeps».

Kjelder:
- Jan Erik Øyre
- Jan Roger Øren
- Per Otto Vestheim
- Terje Svori
- «Rockebolet» - Jan Egil Fimreite
- Arkiv Øvre Årdal Janitsjarkorps
- Arkiv Sogn Avis
- Arkiv Årdal&Lærdal Avis

-Bjarne Øren hadde strie dagar. Etter å ha gått i-eitt i mest tre dagar med rigging og klargjering, var han nødt til å setta seg nedpå. Brått gjekk inngangsdøra opp og inn kom ein vel-renomert kar frå mannskoret, nykjemt og rett frå middagskvilen. Då han såg Øren sa han lett oppgjeven: «Nei, det var nok dirigent ein skulle ha vore!»

Treng dei noke og dao?

På bui hass Sigvald låg det ei loddbok på disken. Sigvald hadde fått i oppgåve å selje lodd for eit godt tiltak. Ein eldre kar kom innom og såg boki.

- Du skal vel kjøpa lodd du òg – spurde Sigvald, vel vitande at karen ikkje nett strødde om seg med pengane.
- Ja, de spørs no kor pengane går til det – ville karen vita.
- Å, det er eit godt føremål – svare Sigvald – Alt går til dei daufødde i Kina.
- Treng dei noke og dao – undra karen på.

Øyvind Jevnaker

Bånsull for eit flyktningbarn

Byssan, lullan guten min.
Vern den frosne kroppen din.
Kvil deg no i famnen min,
gløym svolt og kulde, svevn du finn.
Valdsmenn herjar verda,
vårt lodd vart flyktningsferda.

Vårt hus, vår heim dei brende ned,
til skogs dei jaga deg og meg.
No ligg vi her blant strå og lyng,
har mista alt, eig ingenting.
Det gufsar kaldt or marka
det hustrig vert til natta.

Din bror dei slo og strupeskar
i tuntreet dei hengde far.
Soldatar valdtok, drap og slo
mens andre flirde kaldt og lo.
Raudt det farga marka,
lang vart redslenatta.

Sov no trygt min vesle skatt,
våpna teier nok i natt.
Mørkret vil oss løyna
og for valdsmenn gløyma
No kveldast det i marka
alt tagna vil til natta.

Himlens stjerner vinkar ned,
god natt dei ynskjer deg og meg.
Sender oss ei englevakt,
vernar oss mot valdsmenns makt.
Då vert det trygt i marka
vi sova kan til natta.

Slumra søtt i svevnen inn,
trass frosne tårer på ditt kinn.
Mor skal gråten stogga
og i sitt fang deg vogga.
Skrymta rømer marka
når mor sit vakt til natta.

No legg eg deg på matta di
og breier over kappa mi.
Flyt så på draumens venger,
til leik på blomsterenger.
Det gufsar rått langs marka,
klam skodde driv i natta.

Peder James Høyum

Peder J. Høyum hadde dette diktet på trykk i Årdal&Lærdal Avis i januar 2000. Innhaldet er like aktuelt no som då.